

Festivalundersøking

Vår 2007

Analyse, utgreiing og dokumentasjon

Definisjon

Ein festival kan definerast som eit knippe kulturarrangement som har vore gjennomført to gongar eller meir og der billettinntekter er ein viktig del av økonomien.


Om utvalet

- Utvalet omfattar kommunar, kulturhus og festivalarrangørar i Hordaland.
- Heile populasjonen er inkludert i utvalet.
- Spørjeskjemaet til kommunane blei sendt elektronisk. 22 av 33 kommunar har svart på undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 67.
- Av dei 22 kommunane er det 18 som har hatt festivalar i kommunen dei siste 5 åra. Av disse er det 17 som har svara på spørsmåla om forholdet mellom kommunen og festivalar i dag.
- Talet festivalar som har blitt arrangert i desse kommunane dei siste 5 åra varierer frå 1 til 12.
- Spørjeskjemaet til kulturhusa blei sendt pr. post. 8 av 16 kulturhus har svart på undersøkinga. Eit kulturhus hadde gått konkurs. Dette gjev ein svarprosent på 53.
- Av dei 8 kulturhusa var det 6 som har vore involvert i arrangeringa av festivalar dei siste 5 åra.
- Talet festivalar desse kulturhusa har vore involvert i dei siste 5 åra, varierer frå 1 til 20.
- Spørjeskjemaet til festivalarrangørane blei sendt pr. post. 70 av 120 festivalarrangørar har svart på undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 58.
- Svarprosenten for festivalarrangørane i Bergen, Sunnhordland, Hardanger og Voss er alle over 50. Berre 1 av 9 festivalarrangørar i Nordhordland (11 %) har svart på undersøkinga.

Om festivalane I

Etableringsår

- 35 % av festivalane i utvalet blei etablert på 2000-talet.
- 37 % blei etablert på 1990-talet.
- 21 % blei etablert før 1990



Om festivalane II


- 30 av festivalane tilhøyrrer musikkgenren. Størst blant desse er rock-/pop med 11 festivalar. 4 filmfestivalar er representert i utvalet, 3 teaterfestivalar og 5 matfestivalar.
- 86 % av festivalane blir arrangert kvart år. 11 % blir arrangert anna kvart år.
- Tidspunkt for arrangementet:
 - Mars– mai: 26 %
 - Juni-Aug.: 36 %
 - Sept.-Nov.: 36 %
 - Des.-Feb.: 3 %
- Festivalane varer i gjennomsnitt 3,6 dagar. Varierer frå 1 dag til 12 dagar.
- I gjennomsnitt har festivalane hatt 6500 besøkjande. Varierer frå 192 til 100.000 besøkjande.
- Festivalane hadde i snitt 1.15 mill. kroner i totalbudsjett siste år. Varierer frå 2000 kr til 11 mill kr.
- Festivalane har i snitt 2 lønna medarbeidarar. Varierer mellom 0 og 15. 43 % av festivalane har ingen medarbeidarar.

Festivalarrangørar

Informasjon I

Kor lett eller kor vanskeleg synest de det er å finne fram til relevant informasjon om festivalarbeid på nettet?

- 32 % av festivalarrangørane synest det er svært lett eller ganske lett å finne relevant informasjon om festivalarbeid på nettet.
- 29 % synest det er ganske eller svært vanskeleg.
- 39 % er ikkje sikker. At dei ikkje er sikker, kan tyde på at dei ikkje har prøvd å finne slik info på nettet.




Festivalarrangørar

Informasjon II

Kor ofte har de vore i kontakt med følgjande aktørar for å få informasjon knytt til praktiske sider ved festivalarbeidet?

- Festivalarrangørane har oftast vore i kontakt med kommunen (47 %) og interesse-/medlemsorganisasjonar (44 %) for å få informasjon om festivalarbeid.

- Fylkeskommunen er den aktøren dei har vore i minst kontakt med. 39 % har aldri vore i kontakt med fylkeskommunen for å få informasjon.




Festivalarrangørar

Informasjon III

Er det nokon informasjon det har vore vanskeleg å få tak i?

- Informasjon om offentlege tilskot er det som har vore vanskelegast å få tak i.
- Deretter følgjer informasjon om løyver frå offentlege styresmakter og oversikt over andre festivalar og når dei blir arrangert.
- Informasjon om leige av utstyr og leige av lokale er det berre ein liten del av festivalarrangørane som synest det har vore vanskeleg å få tak i.




Festivalarrangørar

Økonomisk støtte

Har de fått økonomisk støtte frå følgjande aktørar?

- 84 % av festivalarrangørane har motteke økonomisk støtte frå kommunen.
- 64 % har motteke økonomisk støtte frå bedrifter.
- Deretter følgjer fylkeskommunen og Norsk kulturråd.
- Andre aktørar som blir nemnd er: Diverse fonds, Departement, Innovasjon Noreg, Mediabedrifter, Fritt Ord, FFUK, Norsk filminstitutt, Vestnorsk filmsenter, privatpersonar



Festivalarrangørar


Rådgiving frå kommune og kulturhus

Har festivalarrangørane fått rådgiving frå kommune og kulturhus på følgjande område:

- Det er ein større andel av festivalarrangørane som har fått rådgiving frå kommunane enn frå kulturhusa på alle områda. Skilnaden er størst på områda regelverk, økonomistyring, idéutforming og produktutvikling

- Størst andel har fått rådgiving frå kommunane om regelverk (20 %) og idéutforming (17 %).

- Frå kulturhusa har flest festivalarrangørar fått rådgiving om sikkerheit og kunstnarleg kvalitetssikring. På desse to områda er det minst skilnad mellom kommunane og kulturhusa.



Kommunar og kulturhus

Dagens roller i forhold til festivalane

- Det å leige eller låne ut lokale er den oppgåva som flest kommunar seier dei har i dag.


- Deretter følger prosjektutvikling, idéutforming og at kommunen bidreg økonomisk.

- Dei områda som kommunane er minst inne på, er logistikk, marknadsføring, økonomi og utleige av utstyr.

- 6 av 6 kulturhus seier at dei låner/leiger ut utstyr i svært stor eller ganske stor grad.

- Dei tenestene som er dårlegast dekkja opp når ein ser på det samla tilbodet som kommunane og kulturhusa kan gje, er særleg økonomisk rådgjeving, rådgjeving om marknadsføring og til dels kunstarleg kvalitetssikring.

I kva grad er følgjande påstandar ei riktig beskriving av kommunen si rolle i forhold til festivalar:
gjennomsnitt




Respondentane har svart på følgjande skala: I svært stor grad, i ganske stor grad, i ganske liten grad og i svært liten grad. Figuren synar gjennomsnittsskår etter at svarkategoriane er tillagt verdiar frå 4 (I svært stor grad) til 1 (i svært liten grad).

Festivalarrangører

Rådgiving frå fylkeskommune og kulturinstitusjonar

Har festivalarrangørane fått rådgiving frå fylkeskommunen og kulturinstitusjonar på følgjande område?

- Andelen som har fått rådgjeving frå fylkeskommunen og kulturinstitusjonar ligg på et jamnt lågt nivå, max 7 %.
- Prosjektutvikling og kunstnarleg kvalitetssikring er dei områda som størst andel arrangører har fått rådgjeving på frå kulturinstitusjonane.
- Frå fylkeskommunen er det flest arrangører som har fått rådgjeving om prosjektutvikling.




Festivalarrangørar

Rådgiving frå andre festivalarrangørar og andre aktørar

- 20 % av festivalarrangørar har fått rådgjeving om idéutforming frå andre festivalarrangørar.
- På områda marknadsføring og kunstnarleg kvalitetssikring har om lag ein fjerdel av arrangørane gått til andre aktørar for å få rådgjeving.

Har festivalarrangørane fått rådgiving frå andre festivalarrangørar og andre aktørar på følgjande område?




Festivalarrangørar

Tilfredsheit

- Kommunen er den aktøren som i størst grad har gjeve festivalarrangørane den hjelpa dei har hatt behov for.
- Deretter følgjer interesse-/medlemsorg.

I kor stor grad synest de at de har fått den hjelpa de har hatt behov for?



Festivalarrangørar

Kommentarar

- "Det kommunale kulturkontoret er utan tvil ein av dei beste medspelarane vi har."
- "Enda større initiativ frå kommunen"
- "Over tid har vi opparbeidd tett kontakt med kulturinstitusjonar og andre festivalarrangørar som kan kome med råd og innspel som er nyttige."
- "Svært oppmuntrande samarbeid med sponsorar og artistar"
- "Vi har klart oss utmerka frå dag 1. Har erfaring som trengst."
- "Festivalen baserer seg på dugnadsarbeid frå næringslivet og andre."
- "Me kunne fått meir rådgjeving om sikkerheitstiltak."

Oppsummering rådgiving

- **Kommunane:** Festivalarrangørane seier at dei har fått mest rådgiving om regelverk (20 %) og idéutforming (17 %) frå kommunane. Men også sikkerheit, økonomistyring og kunstnarleg kvalitetssikring. Den oppgåva som flest kommunar seier sjølv at dei har, er å leige eller låne ut lokale. Deretter følgjer prosjektutvikling, idéutforming og at kommunen bidreg økonomisk. Marknadsføring og økonomistyring er dei områda kommunane seier dei er minst inne på.
- **Kulturhusa:** Flest festivalarrangørar har fått rådgiving om sikkerheit og kunstnarleg kvalitetssikring frå kulturhusa. På desse to områda er det minst skilnad mellom kommunane og kulturhusa. Alle 6 kulturhusa seier at dei låner/leiger ut utstyr i svært stor eller ganske stor grad.
- **Fylkeskommunen/Kulturinstitusjonar:** Berre ein liten del av festivalarrangørane har fått rådgiving frå fylkeskommunen og kulturinstitusjonar, og då først og fremst innan prosjektutvikling (7 %).
- **Andre festivalarrangørar:** Idéutforming (20 %).
- **Andre aktørar:** Kunstnarleg kvalitetssikring (27 %) og marknadsføring (26 %). Kommunen er den aktøren som i størst grad har gjeve festivalarrangørane den hjelpa dei har hatt behov for. Deretter følgjer interesse-/medlemsorg.
- Dei tenestene som er dårlegast dekkja opp når ein ser på det samla tilbodet som **kommunane og kulturhusa** kan gje, er særleg økonomisk rådgiving, rådgiving om marknadsføring og til dels kunstnarleg kvalitetssikring.
- Samstundes er det på desse områda flest festivalarrangørar går til andre aktørar for å få desse tenestene.


Kommunar og kulturhus

Service og hjelp til festivalarrangørane

I kva grad meiner du at kommunen kan gje festivalane den servicen og hjelpa som festivalarrangørane treng?

▪ 13 av 17 kommunar meiner at dei kan gje festivalarrangørane den hjelpa og servicen som dei treng i svært eller ganske stor grad, med hovudvekt på i ganske stor grad.

▪ Det same er tilfelle for 5 av 6 kulturhus. Også her er det størst andel som svarar i ganske stor grad.



Festivalarrangører

Kjennskap til andre stadar dei kan få informasjon og rådgiving til hjelp i festivalarbeidet

- **BRAK**
- **Konsertbyrå**
- **Privatpersonar i lokalmiljøet**
- **Interesseorganisasjonar, t.d. Norske Festivaler**
- **Kulturdepartementet**
- **Norsk kulturråd**
- **Danse- og Teatersentrum**
- **Norsk Rockforbund**
- **NRF**

Festivalarrangørar

Er det nokre område de har hatt behov for rådgiving på som de ikkje har fått eller som det har vore vanskeleg å få tak i?


- Gratis økonomisk rådgiving og rettleiing
- Internasjonal utveksling og støtteordningar
- Tilskotsordningar
- Kva løyver ein treng
- Marknadsføring
- Organisasjonsbygging
- Regelverk, Tono-avgifter
- Sikkerheit
- Bemanning
- Festivalproduksjon

Festivalarrangører

Behov for rådgiving i tida framover


- 64 % av festivalarrangørane seier at dei har svært stort eller ganske stort behov for rådgjeving om marknadsføring.
- Deretter følgjer regelverk og prosjektutvikling

Kor stort behov har festivalarrangørane for rådgiving i tida framover?




Festivalarrangører

Behov for rådgiving etter etableringsår



Festivalarrangører


Behov for rådgiving etter budsjett



Kommunar

Kva kommunane meiner at arrangørane treng


På kva område treng arrangørane meir hjelp og service? Kommunar



Kulturhus

Kva kulturhusa meiner arrangørane treng

På kva område treng arrangørane meir hjelp og service? Kulturhus



Oppsummering – behov for rådgiving


- Festivalane sjølve seier heilt klart at det område dei har mest behov for rådgjeving innan i tida framover er marknadsføring.
- Behov for tenester innan marknadsføring er det som er størst i alle grupper, både når ein deler festivalane inn i grupper etter når dei vart etablerte og etter storleiken på budsjetta.
- Behovet for rådgiving på andre områda enn marknadsføring er relativt lågt, dog størst blant dei ”nyaste” festivalane. Målt i budsjettstorleik, er behovet for rådgiving på desse andre områda minst blant dei minste festivalane.
- Festivalarrangørane under eitt meiner dei har minst behov for rådgiving innan kunstnarleg kvalitetssikring.
- Både kommunane og kulturhusa er einige med festivalarrangørane i at dei har behov for hjelp og service når det gjeld marknadsføring.
- I tillegg meiner både kommunane og kulturhusa at arrangørane treng meir økonomisk støtte.
- Lokale og utstyr er dei områda der færrest av kommunane meiner at det er behov for meir hjelp og service.
- Utstyr og regelverk er dei områda færrest av kulturhusa meiner at arrangørane har behov for meir hjelp og service.

Kommunar og kulturhus

Satsing på festivalar

- 10 av dei 17 kommunane som seier at dei har hatt festivalar i kommunen dei siste 5 åra, meiner at festivalar er eit satsingsområde for kommunen i svært eller ganske stor grad.
- 3 av dei 6 kulturhusa som har vore involverte i festivalar dei siste 5 åra seier festivalar er eit satsingsområde for kulturhuset i svært eller ganske stor grad.
- 4 av 5 kulturhus seier at festivalar er eit satsingsområde for deira kommune i svært eller ganske stor grad.

I kva grad er festivalar eit satsingsområde for kommunane?




Festivalarrangører

Behov for tiltak


- Tre av tiltaka: forum/nettverk, nettstad og regionale kurs, får om lag lik skåre
- Likevel størst behov blant festivalarrangørane for nettstad med samla informasjon om festivalarbeid og kurs for festivalarrangører.
- Minst behov for rådgivingskontor

På ein skala frå 1 til 6, der 1 er svært lite behov og 6 er svært stort behov, kor stort behov vil de seie at de har for følgjande tiltak?




Festivalarrangører

Behov for tiltak etter etableringsår



Festivalarrangører

Behov for tiltak etter budsjett



Festivalarrangører

Oppsummering - behov for tiltak

- Tre av tiltaka: Forum/nettverk for festivalarrangører, nettstad med samla informasjon om festivalarbeid og regionale kurs for festivalarrangører får om lag same skåre (4,1 – 4,3).
- Rådgivingskontor for festivalarrangører får lågast skåre (3,6). Rådgivingskontor for lågast skåre i alle grupper, både når ein deler festivalane inn etter etableringsår og etter storleiken på budsjettet.
- Nettstad med samla informasjon om festivalarbeid får høgast skåre uavhengig av etableringsår, med unnatak av festivalar etablert før 1990 som seier dei har størst behov for regionale kurs.
- Nettstad med samla informasjon om festivalarbeid og regionale kurs for festivalarrangører er dei tiltaka som får høgast skåre når ein deler arrangørane inn etter budsjettstorleik, med unnatak av dei største festivalane (> 2 mill) som seier dei har størst behov for eit forum/nettverk for festivalarrangører og deretter ein nettstad.
- Jo "nyare" festivalane er, jo meir behov har dei for alle dei fire tiltaka. Arrangører av festivalar etablert i 2005-2006 vurderer dei fire tiltaka som om lag like viktige.
- Dei middels store festivalane, og spesielt dei som har eit budsjett i storleiken 500.000 til 2 millionar kroner, er dei som seier dei har størst behov for denne typen tiltak.


Kommunar og kulturhus

Behov for festivalkontor

▪Kommunane er delte i synet på i kva grad det er behov for eit festivalrådgivingskontor. 9 kommunar meiner det det behov for dette i svært eller ganske stor grad, 7 kommunar meiner det er behov i svært eller ganske liten grad, medan 6 svarar at dei ikkje er sikker.

▪3 av kulturhusa meiner at det er behov for eit slikt kontor i svært eller ganske stor grad, medan 3 av dei svarar 'ikkje sikker'


Det vert no utgreidd om det skal etablerast eit eller fleire rådgivingskontor for festivalarrangørar i Hordaland. I kva grad er det etter di oppfatning behov for eit slikt kontor?



Kommunar

Innhald i rådgivingstenesta?


Dersom slike kontor blir oppretta, på kva område bør kontora tilby rådgiving?



Kulturhus

Innhald i rådgivingstenesta?

Dersom slike kontor vert oppretta, på kva område bør kontora tilby rådgjeving?



Oppsummering – innhald i rådgivingstenesta

- Dei områda som flest av kommunane meiner at eit slikt kontor bør jobbe med, er marknadsføring og økonomistyring.
- Dei områda færrast av kommunane meiner det bør satsast på er idéutforming og kunstnarleg kvalitetssikring.
- Blant kulturhusa er det flest som meiner at ein bør satse på sikkerheit og økonomistyring.
- Dei områda som kulturhusa er minst opptekne av i denne samanhengen er i likskap med kommunane idéutforming og kunstnarleg kvalitetssikring.


Kommunar

Mogleg rolle i ei rådgivingsteneste

- Den største delen av kommunane svarar 'ikkje sikker' på spørsmålet om kva rolle dei ser for seg at kommunen kunne spele i samband med ei festivalrådgivingsteneste.

- Av dei kommunane som har gjort seg opp ein meining er det flest som seier at dei ser for seg at kommunen kunne vere representert i styret (7 kommunar) etterfulgd av at kommunen kan tilby rådgjevingstenester.

Kva rolle kan kommunane tenkje seg å spele?




Kulturhus

Mogleg rolle i ei rådgivingsteneste

- Det er flest kulturhus som ser for seg at kulturhuset kan tilby rådgjevingstenester

Kva rolle kan kulturhusa tenkje seg å spele?



Bør rådgivingstenestene vere gratis eller koste pengar?

- 26 % av festivalarrangørane har betalt for rådgivingstenester. Desse tenestene er i hovudsak marknadsføring, sikkerheit, kunstnarleg leiing, brosjyre/program, scenografi, løyver, økonomi.
- Ingen har kjøpt tenester hos offentlege aktørar, med unntak av politi/lensmann, departement og kommune (uspesifisert)
- 16 % av festivalarrangørane er viljuge til å betale for rådgjevingstenester i framtida. Døme på slike tenester er marknadsføring, økonomi, sikkerheit, regelverk, logistikk
- Kommunane og kulturhusa var også spurde om slike tenester burde vere gratis eller om dette er noko festivalane burde betale for. Som tabellen viser meiner fleirtalet av kommunane at tenestene bør vere gratis, medan det blant kulturhusa er like mange som meiner at det bør vere gratis som det er som svarer 'ikkje sikker'.

| | Kommunar | Kulturhus |
|--------------|----------|-----------|
| Vere gratis | 14 | 3 |
| Ta betalt | 2 | 1 |
| Ikkje sikker | 6 | 3 |

Festivalarrangørar

Kva informasjon bør liggje på ein nettstad om festivalarbeid?

- Relevant regelverk
- Økonomisk støtte
- Krav til sikkerheit
- Stønadsordningar/-moglegheiter, korleis søkje støtte
- Forsikringsansvar
- Marknadsføring
- Linker til andre festivalar
- Base for frivillige free lance-arbeidarar/frivillighetssentral
- Prosedyrer
- Oversikter (festivalar). Kalender.
- Dømer på "back office"-struktur
- Kontaktar til andre festivalar, booking, forhandlarar, etc.
- Søknadsfrister
- Tips sponsorar
- Huskeliste frå idé til gjennomføring
- Nettverksbygging
- Sentrale spørsmål om logistikk
- Kurstilbod
- Rekneskapsreglar
- Organisasjonsplan
- Linker til tilskott, sikkerheit, miljø, teknisk personale, forum, friviljuge

Festivalarrangører

Forslag til tiltak

- Kurs, t.d. marknadføring
- HFK må kontakte festivalane for vidareutvikling/samarbeid
- Større og meir forutsigbare økonomiske overføringar
- Felles marknadføring i Hordaland
- Lettare å søkje om økonomisk hjelp frå det offentlege
- Tett kontakt med skoler, kommune og næringsliv
- Faste driftstilskot over fleire år
- Frivilligheitsbase – med spesiell kompetanse
- Lage oversikter over tilskotsordningar
- Eigen gjennomføringsinstitusjon for festivalar
- Sikrere finansiering
- Felles billettkontor på Internett
- Informasjon om internasjonale offentlege kontaktnett innanfor kultur på regionalt nivå. Offentleg samarbeid internasjonalt – kulturutveksling.

Oppsummering

- Nesten 7 av 10 festivalar i undersøkinga er etablert etter 1990 og 43 % av festivalane er musikkfestivalar.
- Festivalarrangørane er delte i synet på kor lett eller vanskelig det er å få tak i informasjon om festivalarbeid på nettet.
- Informasjon om offentlege tilskot er det arrangørane synest det er vanskelegast å få tak i.
- 84 % av festivalane i denne undersøkinga har motteke økonomisk støtte frå kommunen.
- Kommunen er og den aktøren som festivalarrangørane seier i størst grad har gjeve dei den hjelpa dei har hatt behov for.
- 13 av 17 kommunar meiner sjølve at dei langt på veg kan gje festivalarrangørane den hjelpa og servicen dei treng.
- Marknadsføring er den rådgivingstenesta festivalarrangørane seier dei har mest behov for i tida framover. For dei andre rådgivingstenestene er behovet relativt lågt.
- Av dei ulike tiltaka som vart skisserte for festivalarrangørane i denne undersøkinga, er eit festivalrådgivingskontor det arrangørane seier dei har minst behov for. Nettstad med samla informasjon om festivalarbeid og kurs i festivalarbeid er det som får høgast skåre.
- Jo "nyare" festivalane er, jo større behov seier dei at dei har for alle dei skisserte tiltaka. Dei største festivalane har minst behov for denne typen tiltak. Dei middels store festivalane skårar høgast.
- Kommunane er delte i synet på om det er behov for eit festivalrådgivingskontor.
- Dersom det vert oppretta ei slik teneste, meiner både kommunane og kulturhusa det er viktigast å tilby tenester innan marknadsføring og økonomistyring.
- Festivalarrangørane sjølve er samde i at dei har eit stort behov for rådgiving innan marknadsføring, medan dei ikkje ser eit like stor behov som kommunane og kulturhusa gjer når det gjeld økonomistyring.